

Denne boka!

- Oppretting av ei fast formidlingsgruppe i Nordhordlandsbiblioteka
- ## Prosjektrapport

Biblioteka i Alver, Fedje, Modalen og Osterøy ut av Nordhordlandsbiblioteka søkte støttemidler fra Nasjonalbiblioteket til Aktiv formidling hausten 2020.

Hva skulle vi gjøre

Samarbeidsgruppe

Planen prosjektet var å opprette ei samarbeidsgruppe med åtte deltakarar, frå biblioteka i Alver, Osterøy, Modalen og Fedje kommune. Grappa skulle utforme planlegge og gjennomføre ei rekke formidlingstiltak i kvar av deltakarkommunane, utanfor biblioteka, retta mot bestemte målgrupper, med bestemte metoder. |

Tiltak

Formidling til voksne med bokprat

Formidling til ungdom med bokprat

Formidling til voksne med popup-bibliotek

Formidling til ungdom med popup-bibliotek

Digital formidling til voksne

Digital formidling til ungdom

Mål

Måla for prosjektet var:

1. Å nå nye grupper av lånarar og auke aktivitet på biblioteket.
2. Å bygge kompetanse på formidling utanfor bibliotek. Og utvikle samarbeid på tvers av kommunegrenser.
3. Å bygge ei samarbeidsgruppe som kunne videreførast i normal drift.

Hva har vi gjort

Samarbeidsgruppe

Ut i den frå summen me fekk i støtte justerte me samarbeidsgruppa til seks personar og reduserte antallet tiltak.

Samarbeidsgruppa hadde fleire samlingar, i første fase digitale, kor me idemyldra om ulike framgangsmåter og fysiske stader ein kunne nå fram til gruppene me ønska å formidla til. Så delte me oss i undergrupper på to bibliotekarar som fekk ansvar for kvart sitt tiltak. Undergruppene arbeida for seg med sine prosjekt, men møttes med jevne mellomrom med dei andre gruppene for å drøfta idear og få og gje tilbakemeldingar. Mot slutten av prosjektperioden hadde me ei samling kor me oppsummerte og evaluerte prosjektet.

Formidling til voksne med bokprat

Denne gruppa arrangerte bokprat på utvalgte stader i dei ulike kommunane. Dei besøkte dagsturhytter, kafear og aktivitetshus. Arrangementa vart annonserte i lokale og på sosiale medier. Bibliotekarene melder sjølv om gode og dårlige erfaringer. Tid og stad hadde mykje å sei. Annonsering hadde liten effekt, men om ein hadde kontakt med lokale personar kunne nå fram til eit interessert publikum.

Formidling til ungdom

Denne gruppa vil besøka fotballag og halde bokprat om fotballbøker. Det viste seg å vere krevande å få innpass til noko slikt utan å ha kontaktar på innsida. Dette, saman med ein lengre sjukemelding har ført til at tiltaka ikkje har blitt gjennomført i løpet av prosjektperioden. Planer er lagt for å gjera dette i løpet av hausten, men ikkje i alle fire kommunar.

Digital formidling til ungdom

Denne gruppa valgte å prøve Instagram som kanal for å formidle litteratur til ungdom. De har laget bokpresentasjoner i form av filmsnutter og andre typer innlegg som er publisert på ungboknordhordland. Gruppen melder at de har endt opp med å bruke mye tid på å lære seg å bruke verktøyene og å komponere innleggene, på bekostning av det å kultivere selve kontoen. Per i dag har kontoen få følgere og har ikke nådd mange i målgruppen.

Popupbibliotek med bokbuss for alle

Dette tiltaket er gjennomført i alle fire kommuner. Bokbuss med bibliotekarar stilte seg opp på badeplasser og utanfor nærbutikkar i sommarferien og lokka inn meir eller mindre nysgjerrige forbigangerar. Tiltaket førte til mange hyggelege møte. Men vil nok ikkje visa igjen på utlansstatistikken.

Resultat

Avvik

Omfanget av prosjektet måtte nedjusteras som følge av mindre støtte enn me søkte om, og på grunn av endringar i bemanning. Osterøy bibliotek

Framdrifta i prosjektet blei og hemma av koronarestriksjonar som gjorde det vanskeleg å planlegga formidlingsarrangement sommaren 2021. Me søkte derfor om å få utsatt fullføringa av prosjektet til sommaren 2022. og fekk dette innvilga.

Arbeidet i gruppene blei og forhindra av livets inngripen, med sjukemeldingar og barselpermisjonar.

Gjennomføring

Alle deltakarane i prosjektet har arbeida mykje med å prøve å få istand formidlingssituasjonar utanfor biblioteket sine lokaler og har hausta lærdommar om kva utfordringar som er knytta til dette.

Om ikkje alle planene lot seg gjennomføra er det ein del av dette.

Erfaringar

Erfaringane våre i dette prosjektet kan fordelas på tre nivåer. Erfaringar med utforming av prosjekt, erfaringar i samarbeidsgruppa og erfaringar med gjennomføring av planlagte tiltak.

Utforming av prosjekt:

I søknaden skreiv me at me skulle oppretta ei formidlingsgruppe og definerte ganske spesifikt kva denne gruppa skulle gjera i for av tiltak og annan tidsbruk. Dette virka hemmande på det kreative arbeidet i gruppa då ein blei meir opptatt kva som måtte til for å oppfylle krava enn å finna eigne gode idear.

Lærdommen er at enten må dei som skal gjennomføre prosjektet delta i utforminga av prosjektet, eller så må utforminga av prosjektet vere meir romsleg. Neste spørsmål blir vel då kva som blir lagt vekt på når søknadene blir vurdert.

Erfaringar i samarbeidsgruppa:

Då me delte opp samarbeidsgruppa i tre mindre grupper var det for at gruppene skulle konsentrere seg om eitt oppdrag og rekke over så mykje som mulig. Problemet vart at tomannsgruppene blei altfor sårbare. Når folk vart sjuke stoppa arbeidet opp. Om me hadde begrensa oss til færre tiltak, og kanskje berre tre stykk som jobba med dei, ville me kunne hatt betre samanheng i arbeidet.

Erfaringar i gjennomføring av tiltak:

Kort oppsummert er den viktigaste lærdommen at når ein skal formidla utanfor biblioteket, må ein rekna med å bruka mykje tid på rammene for formidlinga. Ein må finne folk der dei er, dei må stoppe opp og opne øyra. Først då betyr det noko om du har laga ein bokpresentasjon som fenger eller ikkje.

Det mest vellykka arrangementet i prosjektet kom til då bibliotekarene hadde lokalkjende som både kunne gje råd og 'gå god for dei'. Dette behovet for å kultivere relasjonar, som blir desto viktigare når bibliotekaren går ut av sitt eige hus, peiker på ei helt anna tilnærming til formidling enn eg hadde i hovudet då me planla prosjektet. Noko mykje vanskeligare.

Måloppnåing

Vurdert opp mot dei ulike punktene med formål for utlysinga har dette prosjektet ført og fremst oppnådd dei måla som har å gjøre med utprøving, læring, og benytting.

Prosjektet har nok ikkje hatt nokon merkbar innvirkning på lånarstatistikken.

Prosjektet har vært ein suksess med omsyn til kompetansebygging og utvikling av samarbeid. Me har fått prøvd og gjort mykje me aldri ville komme til å gjort i vanlig drift. Deltakarane har og fått knytta kontakter og relasjonar med bibliotekarar på andre bibliotek. Noko som ofte ellers er forbehold leiarane.

Samarbeidsgruppe, i den formen me har prøvd no, vil me ikkje kunne videreføra under vanlig drift, men i framtidige prosjekt vil det absolutt vere aktuelt.